



Gunslingers spelar for fjerde gongen på Dønhaug

25. mars er langfredag i år og då spelar bandet Gunslingers opp att på Dønhauglåven melder verten, Magne Huglen. Det er fjerde gongen den populære gjengen vitjar arenaen, siste gong var i påska 2015 då bandet trakk full låve og laga fantastisk stemning med live-showet sitt.

På bandet si heimeside finn ein informasjon om påskedansen i Uskedalen. På heimesida vert hardangerbandet presentert som eitt av dei mest ettertrakta i landet med fleire millionar nedlastingar i året.. Ein av dei mest kjende låtane er Seljord.



Bandet starta karriera si i 2008 og eitpar år etter vart det eit av dei mest ettertrakta gruppene.

Det er eit pop-country-band som treff eit stort publikum. Det har gjeve ut 4 CD-ar og ein live-DVD. Deira førebels siste album som heitte Made in Norway kom 2013 og utløyste framifrå anmeldelsar.

Tekstane er sjølvskrivne, humoristiske og vert framført på ekte hardangerdialekt. Den ligg vokalist Frode Måkestad nærast. Dei andre i bandet er på bass Jostein Fonnes, Dan Mikal Ripe Frøystad på steel gitar, Frode Andreassen på trommar og Ove Johansen på gitar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen og Magne HuglenFoto: Gunslingers